

10.12.07

Kunnskapsdepartementet

**HØYRINGSFRÅSEGN:        ENDRING I OPPLÆRINGSLOVA - OM TILPASSA  
OPPLÆRING OG SPESIALUNDERVISNING**

Til høringsnotatet pkt. 3.1:

Forslag om innarbeiding av lovens krav om tilpasset opplæring i opplæringsloven kapittel 5 om spesialundervisning.

*Prinsippet om elevtilpassa opplæring er så sentralt at det ikkje på nokon måte må svekkast i lovteksten. Føremålsparagrafen er den delen av lovteksten som skal prege alle aktivitetar i opplæringa.  
Dersom formuleringa om tilpassa opplæring blir flytta til same kapittel som omhandlar spesialundervisning, vil det i praksis svekke både det grunnleggande prinsippet om elevtilpassa opplæring og særretten elevar har til spsialundervisning.*

Til høringsnotatet pkt. 3.2:

Forslag om endring av opplæringsloven §5-3 slik at det i visse tilfeller kan gis spesialundervisning etter enkeltvedtak uten at det foreligger sakkyndig vurdering.

*Denne endringa må absolutt vere uholdbar både juridisk og fagpedagogisk. Skolen har ikkje intern og ugild kompetanse til å vurdere om ein sjølv har god nok kompetanse til å vurdere om det er nødvendig med ekstern sakkunnig vurdering!!*

*Det kan ikkje vere slik at skolen, formelt sett rektor*

- 1. vurderer eleven sine behov, (ny §5-2, første ledd)*
- 2. tar stilling til om det er nødvendig å innhente sakkunnig vurdering,  
(ny §5-3, første ledd)*
- 3. innrettar og organiserer spesialundervisning, (ny §5-2, andre ledd)*
- 4. utformer enkeltvedtak om spesialundervisning*

Med helsing

Oddmund Paulsen  
rektor